



Songarstemne 1916

"Røyserett for alle", koret som har sitt utspring og sin base i Uskedalen, er berre 20 år gammalt og har feira milepelen både med tur til Riga og jubileumskonsert på Husnes. Men det betyr ikkje at Uskedalen saknar kortradisjonar, dei er solide og stolte.

Det framgår i høgste grad av tre bilete som vi har fått tilsendt og som vi gjev att her. Dei er frå åra 1914, 1916 og 1927 og er alle frå songarstemne i bygda. Biletet frå 1916 er teke den 2. pinsedag 1916, truleg på Feet(?). Biletet frå 1927 syner songarstemne på ei svær scene. Er det nokon som var supplerande opplysningar om dei tre stemna?



Songarstemne 1914

Uskedal songlag var naturleg nok arrangør av alle tre. Laget tok til i 1912 med lærar Andreas Haugland som dirigent. Han var ein drivkraft av dei sjeldne og var også ein av dei som sto bak skipinga av Sunnhordland Songarskipnad. Og der hevda uskedalingane seg godt. Haugland var også organist i Uskedal-kyrkja - i 34 år!

Av Ola Matti Mathisen



Songarstemne 1927